

Humedalslaget
NUMEDØLEN



2006

TILLITSVALGTE I NUMEDALSLAGET I OSLO 2006

Styret:		
Kasserar:	Svein Aasen, Haugerudhagan, 58, 0673 Oslo)	priv: 48 29 99 81 e-mail: svein.aasen@multiconsult.no
Sekretær:	Ragnhild Landerud, Kongeveien 45, 1412 Sofier	priv: 66 80 64 32 e-mail: landerud@c21.net
Styremedl.:	Björg Undebakke, Starvn. 76 A, 1088 Oslo	priv: 97 75 40 18 e-mail: bjorg.tora.undebakke@nrk.no
	Sigrid P Talleraas, Kittelsensv. 72, 1415 Oppegård	priv: 90 01 99 70 e-mail: sigrid-p.talleraas@telenor.com
	Lars Peder Larsgård, Jenshaugvn. 11, 1363 Høvik	priv: 91 75 82 65 e-mail: lars.peder.larsgaard@multiconsult.no
Varamedl.:	Birgit Friis, Vibes gt. 21B, 0382 Oslo	priv: 97 54 50 76
Hyttestyre:	Alf Åmot, Krokliveien 52, 0584 Oslo	Priv: 95 74 20 97
	Levor Traaen, Tillesløkka 13, 1349 Rykkin	priv: 67 13 47 19
	Olav Mogan, Nordstrandvn. 26, 1163 Oslo	priv: 22 28 27 82
	Knut Kjønås, Eirik Raudesv. 22D, 0196 Oslo	priv: 41 33 42 00
Folkedans gruppa:	Leiar: Nils Øyvind Bergset, Ivan Bjørndalsgt. 4, 0472 Oslo	priv: 41 63 95 67
	Svein Aasen, Haugerudhagan 58, 0673, Oslo	priv: 48 29 99 81
	Birgit K. Friis, Vibes gt. 21B, 0382 Oslo	Priv: 97 54 50 76
	Kjersti Aasen, Erlendsvei 48, 0669 Oslo	priv: 98 06 21 65
Redaksjon "Numedølen":	Sigrid P Talleraas, Kittelsensv. 72, 1415 Oppegård	priv: 90 01 99 70
	Kjersti Aasen, Erlendsvei 48, 0669 Oslo	priv: 98 06 21 65
	Nils Øyvind Bergset, Ivan Bjørndalsgt. 4, 0472	priv: 41 63 95 67
	Lars Peder Larsgård, Jenshaugvn. 11, 1363 Høvik	priv: 91 75 82 65
Revisor:	Aasmund Flo, Starvn. 76A, 1088 Oslo	priv: 91 62 78 71
Hedersmerke/ Fortjenestem:	Jøran Stryse (tlf. 32 74 63 60) og Levor Traaen	
Lotterifond:	Walborg Tuft, Lars P. Larsgård, Knut Kjønås	
Valkomite:	Knut Kjønås, Olav Mogan og Nils Ø. Bergset	
Fanevakter:	Jøran Stryse og Svein Aasen	

NUMEDALSLAGET I OSLO



Aktivitetar i 2006:

Springarøving i Nordahl Brungst. 22 våren 2006
Bygdelagsstemnet på Bygdøy
Gammaldans Østafjells, Sigdal
Tur til Numedalshytta
Landskappleik, Beitostølen
Folkekulturfestival / årsmøte i NU, Trondheim
Landsfestival i gammaldans, Melhus
Strunkeveko og Jørn Hilme stemne, Fagernes

22/5, 12/6 og 26/6
11. juni
17. juni
18. juni
28. juni - 2. juli
5. - 9. juli
19. - 23. juli
24. - 30. juli

Nærmare opplysningar:

Utdrag av programmet for Bygdelagstemnet 11. juni 2006:

kl. 13.15: Opning v/ leiar i BLS Aase Bjorli
kl. 13.20 – kl. 17.30: Barenelag, leikarringar og bygdedanslag dansar i ulike tun.
kl. 17.00 – kl. 17.30: Hallinglaget, Numedalslaget og Valdreslaget dansar på plattingen ved Torgkaféen. Hilde Kirkebøen og Jon Olav Lia spelar.
kl. 18.00 – kl. 19.00: Samdans på Torget. Knut Trøen, Solvor Sundsbø og Lars Petter Eliassen spelar.
kl. 19.00 – kl. 20.00: Bygdedanstime. Hilde Kirkebøen og Jon Olav Lia spelar.
kl. 20.00 – kl. 22.45: Folkedanskveld. Østerdølenes Spellmannslag spelar.

Tur til Numedalshytta 18. juni 2006:

Det er folk på hytta fra kl. 11.00.
Ta med mat og drikke og møt opp!
For meir informasjon: Kontakt Levor J. Traaen på telefon 67 13 47 19.

Bygdedans frå Numedal høsten 2006

Kurs/øving annankvar mandagskveld i Nordal Brunsgt. 22 frå kl. 19.00 til kl. 21.30.

Instruktør: Nils Øyvind Bergset og spelemann Kenneth de Gala.

Oppstart: primo september 2006.

For meir informasjon: Kontakt Nils Øyvind Bergset på mobiltelefon 416 39 567.

Elles er det fritt fram å kome med framlegg om nye aktivitetar.

Arsmelding for Folkedansgruppa i Numedalslaget 2005

Folkedansgruppa har i 2005 vore leia av Nils Øyvind Bergset, og i tillegg har Svein Aasen, Kjersti Aasen og Birgit Kollandsrud Friis vore med. Vi har ikkje hatt egne møter, men gjer avtaler over telefon og når vi møtes på øvingane. Svein Aasen har representert laget på møter i Folkedansrådet og sit samstundes som medlem i folkedansnemnda i BLS.

Vi har hatt 19 ordinære øvingskveldar gjennom året, fordelt på 11 i vårsemesteret og 8 i haustsemesteret. Nils Øyvind Bergset har vore instruktør på øvingskveldane våre. Vi kallar kveldane for øving/kurs, og dei er opne både for gamle travarar og nybyrjarar. Instruktøren gir rettleiing til dei som treng det den fyrste timen, og så er det fritt fram for å praktisere det ein har lært etter pausa. Vi har også "dagens tema" denne fyrste timen. I 2005 har vi sett mykje på gamle filmar som Nils Øyvind har lånt på Rådet for Folkemusikk og Folkedans i samband med arbeidet med ei folkemusikksoge for Numedal. Vi startar kl. 19.00 og driv på til 21.30, med berre ei halvtimes drikke- og skravlepause. Vi dansar mest springar, men av og til gangar, springar med 2 fylgje og runddans.

Kenneth Hoskuldson de Gala spelar fast på øvingane, og vi er sers nøgde med å ha ein spelemann med lokal tilknytning. Vi har også hatt sjøfløytespelarane Birgit Kollandsrud Friis, Mona Hansen og Gunnhild Haugejorden til å halde oss med takt og dansemusikk. På ei øving i haust spelte Lars Underdal som opprinneleg er telemarking.

Totalt sett har det vore 130 frammøter på øvingane, 23 færre enn året før. 22 ulike personar har møtt fram, 8 gutar og 14 jenter. 6 av dei frammøtte var under 26 år. Gjennomsnittleg oppmøte har vore 6,8 personar per øving, og dette er ein liten nedgang frå året før. Det minste antal frammøtte på ei øving var 4, og det meste var 11.

Folkedansgruppa har slutta og halde minikurs på folkedanskveldane og har i staden vore med som teknisk arrangør på slike kveldar. Det inneber å rydde lokalet og selgje kaffe og vaflar. I tillegg har vi synt fram Numedalspringar og gangar i pausa.

Fleire av dei som er med på øvingskveldane er aktive kappdansarar. Par frå Numedalslaget var med på Markenskappleik på Kongsberg, Buskerudkappleik på Nesbyen, Jørn Hilme-stemnet på Fagernes og Oslokappleiken med gode resultat. Det viktigaste arrangementet i 2005 var som vanleg Landskappleiken som vart arrangert på Røros.

I lagdans stiller vi saman med par frå Kongsberg og/eller Numedal. I lagdans på Kongsbergmarken stilte vi saman med par frå Numedal og vart nummer 2 av 2 bak Småjondølene. Vi klarde også å stille lag på Buskerudkappleiken saman med par frå Numedal og på Jørn Hilme-stemnet. I lagdans på Landskappleiken stilte vi saman med par frå Numedal og vart nummer 21 av 38 lag. På Oslokappleik vart vi nummer 3 av 7 i lagdans og her stilte vi saman med par frå Småjondølene.

Referat frå årsmøtet i Numedalslaget i Oslo 16.02.06

Tilstades: Nils Øyvind Bergset, Birgit Kollandsrud Friis, Reidun Kjønås, Ragnhild Landerud, Lars Peder Larsgård, Bjørg Undebakke, Svein Aasen.

Opning, konstituering

Svein Aasen opna møtet og ønskte velkomen. Lars Peder Larsgård blei valt til møteleiar. Reidun Kjønås og Nils Øyvind Bergset blei oppnemnde til å skrive under protokollen. Ragnhild Landerud var referent. Det var ingen kommentarar til innkalling/saksliste.

Årsmelding

Årsmelding 2005 blei lese opp av Ragnhild Landerud

Årsmelding for Folkedansgruppa blei lese opp av Nils Øyvind Bergset.

Begge årsmeldingane blei godkjende.

Rekneskap

Svein Aasen (kasserar) gjekk gjennom rekneskapen for 2005, underteikna av kasserar og revisor 29.januar 2006

Kommentarar:

Noko av underskotet kjem av at det var mindre støtte til laget i 2005 (frå fond o.l.)

Rakefiskfesten gjekk med underskot (men dette var endra i 2006)

Salleige – BLS utgjør leige for 1.halvår. Det resterande kjem med i rekneskapen for 2006.

Rekneskapen for 2005 blei godkjent.

Medlemspengar

Medlemspengane til NU for 2006 er: Grunnkontingent kr.2300,- og kr.200,- for kvar medlem frå medlem nr.21. Medlemmer under 26 år teller ½. Medlemspengar til BLS kr.50,- for kvar medlem.

Styret må kunne auke medlemspengane slik at dei til kvar tid samsvarar med det vi må betale til BLS og NU.

Medlemspengar 2007: kr. 250,-

kr. 125,- for medlemmar under 26 år

kr. 125,- for bimedlemmar

Val

Årsmøtet gjekk til val på forslaga frå valkomiteen.

Styremedlemmane Svein Aasen og Sigrid Prestmoen Talleraas tok attval.

Birgit Kollandsrud Friis er nytt varamedlem. Jøran Stryse gjekk ut.

Når det gjeld hyttestyret, folkedansgruppa, redaksjonen i Numedølen, lotterifondet, hedersmerke/fortjenestemerke, fanevakter, valkomite og revisor er det inga endring.

Takk for innsatsen til Jøran Stryse, som no har busett seg i Veggli.

Velkomen til Birgit Kollandsrud Friis.

Liste over tillitsvalde 2006 er vedlagt.

Innkomne forslag

Ingen saker var meldt.

Årsmelding 01.01. – 31.12.2005

Laget hadde ingen formell leiar i meldingsåret.
Svein Aasen har vore kontaktperson til BLS og NU.
Tillitsvalde i 2005: sjå vedlagte liste.

I meldingsåret hadde laget 52 medlemmar, av desse var 7 under 26 år.
Det er 4 æresmedlemmar: Reidar Fønnebø, Svein Nørstebø, Jøran Stryse og Gunnar Ulbåsen,
og 1 livsvarig medlemskap: Valborg Dyrnes

Aktivitetar:

- I meldingsåret har det vore 4 styremøter / arbeidsmøter + årsmøte 09.02.
- Rakefiskfest på Røa Samfunnshus 29.01.
- På Lagshytta i Lommedalen var det bestemt dugnad i april og hyggetur 19.06.
- Lagsavisa "Numedølen" kom ut med eitt nummer i mai
- Besøk på Norsk Folkemuseum – Johan Brun: fotografier 1948 – 2003, søndag 27.11.
- Laget har eiga heimeside på internett. Kontaktperson har vore Lars Peder Larsgård
- Folkedansgruppa i laget har vore aktiv gjennom heile året. Sjå eiga årsmelding.

Rakefiskfest 29. januar 2005

Festen vart halden på Røa Samfunnshus

Det var ca. 54 personar til bords, av desse var 41 fullt betalande

Attåt fisken var det både kling, mandelpotet, lauk og rømme. Det vekte stor begeistring.

Festen vart leia av Jøran Stryse.

Festtalar var Steinar Berthelsen, ordførar i Rollag.

Musikken sto Traaens kvartett frå Rollag for.

Økonomi – sjå vedlagte rekneskap 2005

Dugnad og hyggetur til Lagshytta

Det vart ingen dugnadsdag i april

Søndag 19.06. var 10 - 12 personar med på den årvisse hytteturen, med rømmegraut og spekemat på menyen. Veret var strålande.

Norsk Folkemuseum 27.november 2005

Sidan september hadde utstillinga "År og Dag – Johan Brun, Fotografier 1948 – 2003" vore å sjå på Folkemuseet på Bygdøy.

Styret i Numedalslaget sende innbyding til medlemmane om å vere med på omvisning med Johan Brun den 27.nov. Omlag 10 personar møtte opp og hadde ei fin oppleving.

Heimeside / e-post Numedalslaget i Oslo

Heimesida til Numedalslaget finn ein på www.numedalslaget.no

Eller på Numedalsweben under: lag/foreninger på nett (andre) www.numedal.net/

Numedalslaget har ikkje eigen e-post adresse lenger. Send heller e-post til eit styremedlem.

NUMEDALSLAGET's

TAP OG VINNINGSKONTO 01.01. - 31.12.2005.

Utgifter:

Rakefiskfesten år 2005	kr.	22.458,64
Medlemspengar NU/BLS	"	9.900,00
Porto og administrasjon	"	1.949,00
Folkedansgruppa	"	4.490,00
Numedalshytta	"	1.827,50
BLS - sallege	"	4.447,00
Forsikring fane	"	1.255,00
Hyttetur	"	264,50
Gaver	"	818,00
Numedalsnett	"	625,00

Inntekter:

Rakefiskfesten år 2005	kr.	18.885,00
Medlemspengar	"	11.800,00
Støtte	"	5.980,00
Gaver	"	550,00
Renteinntekter	"	883,86
Folkedansgruppa	"	593,00
Underskot	"	9.342,78

kr. 48.034,64

kr. 48.034,64

BALANSE PR. 31.12.2005

Aktiva:

Kassabeholdning	kr.	461,31
Postgiro 0530.1932474	"	3.314,99
Bank 1600.6021380	"	449,24
Bank 1645.0319485	"	50.864,00
Lagshytte	"	12.000,00
Fane	"	500,00
Jubileumsbøker	"	1,00
Hedersmerker	"	1,00

Passiva:

Eigenkapital 01.01.2005	kr.	75.720,59
Underskot	"	9.342,78

kr. 67.591,54

Eigenkapital 31.12.2005

kr. 67.591,54

Oslo, 29. januar 2006

Svein Aasen

Svein Aasen
(kasserer)

Asmund Flo

Asmund Flo
(revisor)